



VALDANSVARLEGE

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/5627 - 14/16030

Saksbehandlar:

Nils Kaalaas

NIK@lindas.kommune.no

Dato:

30.06.2014

Hjortejakt og fellingsløyve 2014

Vedlagt følgjer tildeling av fellingsløyve for hjort i Lindås. Det er i år skrive ut om lag same tal løyve som dei par siste åra og grunnen er at vi ut frå rapportar etter vårteljinga og fellingstala i 2013 ikkje kan sjå at det er ein markant nedgang i bestanden. No har eg nok intrykk av at det er litt ferre dyr enn det har vore dei siste åra, men det er no vedtak på at bestanden skal reduserast i noko mon og difor må vi halda oppe jakttrykket.

Bestandsretta hjorteviltforvaltning:

Ansaret for hjorteviltet har over tid endra seg frå å vera statleg til å verta kommunal og no meir og meir gått over til at ansaret skal vera hjå grunneigar. Merkeprosjektet i regi av Hordahjort, der dei fleste av kommunane i Hordaland og kommunane på sørsida av Sognefjorden var med, vart avslutta i 2013. Merkeprosjektet skulle avdekka hjorten sine trekkruiter og bruk av areala. Resultata frå dette og andre merkeprosjekt syner at forvaltning av ein hjortebestand ikkje kan styrast innafør vald og kommunegrenser.

Den nye hjorteviltforskrifta har som mål og opnar for å få til eit organisert samarbeid som sikkrar bestandsvis forvaltning av hjorten. Hjorteviltforskrifta opnar for at bestanden skal forvaltast etter bestandsplanområde og ikkje etter kommunegrenser. Når det no kan sjå ut til at veksten i hjortestamma har flata ut, er det meir påkrevd at vi har ei forvaltning som styrer bestanden slik at den kan haldast på eit berekraftig nivå. Dette har no grunneigar organisasjonane ved skogeigarlaga i Hordaland/Rogaland (Vestskog) og Sogn og Fjordane Skogeigarlag teke tak i gjennom å etablere «Forvaltning av hjortebestand 2013 – 2017» Arbeidet har så smått starta opp med at det er halde orienteringsmøter, der rettighetshavarane vart orienterte og var med sin kunnskap bedne om å koma med forslag om dei nye bestandsplan områda.

Lindås kommune har slutta seg til dette og vil vera med på arbeidet å utarbeida felles bestandsplan for dei områder som har felles bestand. Reknar med at det kjem til å verta haldne orienteringsmøter og nedsett arbeidsgrupper for å utarbeida bestandsplanar, utover hausten og vinteren, slik at dette kan vera på plass til neste utskrivning av fellingsløyve.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Ettersøk av skada storvilt:

Vedlagt har eg teke kopi av forskrifta om «Ettersøk av skadet storvilt» til orientering. Det som er er endra og nytt som de kan legga merke til er pkt 7 Kunstig lys.

OBS Ikkje start ettersøk om de ikkje finn dyret like i nærleiken av staden der det vart påskote. Få tak i godkjennt ettersøkshund så snart som mogeleg, for mykje trakk i terrenget, kan øydelegga for eit vellukka ettersøk.

Med helsing

Nils Kaalaas
fagleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
VALDANSVARLEGE